



Ein av dei store kveldane på Dønhaug-låven var den med Andrea Rice., Her er ho saman med ein glad vert. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Låvedans-arrangør Magne Huglen på Dønhaug Gjestegard ynskjer ikkje Åmlis Band ein tredje gong sjølv om det var 600 som svinga seg til setesdølane sine tonar denne gongen.

Neste sommar satsar han enda sterkare – han ynskjer anten D.D.E., Åge Aleksandersen eller Hellbillies på

låven, truleg under junidansen.

Det kom fram då Bygdeutviklingsprogrammet starta haustsesongen i Dønhaugkjedlaren. Huglen hadde 2.000 inne på dei fire låvedansane sine denne sommaren og har funne fram til ei ny og spanande nisje i marknaden.

Låvedans-suksessen hans er eineståande på Vestlandet.

- Kvifor ikkje setesdølane ein tredje gong?

- Det er sunt å skifta. Og eg ynskjer orkester som kan spela lengre enn 120 minuttar.

- For å satsa på så dyre orkester som eitt av dei tre må ein ha ein økonomisk ryggrad slik at ein kan gå på ein eventuell smell. Og det har eg no, seier Huglen. Han slår fast at det vart "ein god økonomisk gevinst" denne sommaren. Men kor stor gevinsten blir, veit han ikkje før årsskiftet.

- Eit gjennomsnitt på 500 på kvar av dei fire dansane er heilt utruleg, seier han

I si oppsummering av sesongen slår Huglen fast at marknadsføringa vart mykje betre då arrangørane i Uskedalen gjekk saman. Og ein nøkkel til god og effektiv marknadsføring ligg i omtalar i media både før og etter dansane.

Oppslutnaden har samanheng med fleire faktorar, mellom anna eit godt omdømme. Under dansane på Dønhaug har det ikkje vore ein einaste mindre bra episode. Slik er det slett ikkje andre stader og publikum er imponert.

- Målsettinga mi er å gje publikum ei god oppleving saman, for då kjem dei att. Men det er heile tida eit potensiale for å verta betre. Til neste år skal eg til dømes ha eit betre dansegolv, betre bar og eit betre uteområde. Og eg håpar at dei underlege reglane for skjenkinga blir forenkla. No forstår vi lite av dei – både publikum og vertskapet, seier Magne Huglen.

Av Ola Matti Mathisen